

## **Emnerapport 2015, vår**

### **Emnekode og navn: NOLISP303 Nordisk: Individuelt særtemne (10 stp)**

Emnet er nytt og blir tatt i kombinasjon med NOLISP302 Nordisk: Prosjektutvikling (5 stp).

#### **Faglærers vurdering av gjennomføring**

**Praktisk gjennomføring:** Individuell rettleiing.

**Strykprosent og frafall:** 17 studentar. 1 student hadde gyldig forfall til eksamen og skal ta midtsemestereksamen H15. Ikkje stryk eller fråfall elles.

**Karakterfordeling:** 2 A, 7 B, 7 C.

**Studieinformasjon:** God. Gitt på fleire møte hausten 2014 og i undervisninga på NOLISP302 Prosjektutvikling, som hadde dei same studentane.

**Tilgang til relevant litteratur:** Pensumlistene er utarbeidde av studentane i samråd med rettleiarane.

#### **Faglærers kommentar til student-evalueringen(e)**

Spørjeundersøking med flest opne spørsmål. 8 svar.

*Arbeidet med å sette opp pensumliste: Korleis vurderer du rettleiaren si rolle (mengde hjelp, eige val o.l.)?*

Studentane er gjennomgåande fornøgde.

*Lesing gjennom semesteret: Korleis vurderer du ditt eige arbeid?*

Dei fleste meiner dei har arbeidd godt, men fleire gir uttrykk for at praksisen i lektorutdanninga ført til lite lesing i den perioden.

*Rettleiing gjennom semesteret: Korleis er erfaringane dine (mengde, kvalitet o.l.)?*

Dei fleste er fornøgde. Nokre meiner dei fekk for lite rettleiing i pensumet, dels fordi dei ikkje tok initiativ sjølv.

*Korleis vurderer du nytta av særpensumet i forhold til arbeidet med skisse på Prosjektutvikling?*

Dei fleste er godt fornøgde med nytta, men nokre opplever at pensumlistefristen var for tidleg, og at prosjektet endra seg såpass mykje undervegs at delar av pensumet blei mindre eigna.

*Vurderingsforma: Det er no ein skuleeksamen på 4 timer. Kva meiner du om det? Ville ei anna vurderingsform ha vore betre?*

Nokre meiner skuleeksamen fungerte fint, men fleire er misnøgde, og nokre synest at tida blei for knapp. Fleire nemner munnleg eksamen som alternativ, nokre nemner heimeeksamen eller semesteroppgåve.

*Har du noko meir på hjartet som gjeld Individuelt særemne?*

Her er det naturleg nok heller ulike innspel, og ikkje noko bestemt som går att.

### **Faglærers samlede vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak:**

Emnet ser i all hovudsak til å fylle funksjonen sin som støtte til prosjektutviklinga og førebuing til masteroppgåva.

Dei ulike faglærarane som har vore involverte, er jamt over godt fornøgde med ordninga. Det blir sett på som positivt at det blir etablert god kontakt mellom rettleiar og student før arbeidet med masteroppgåva skal begynne.

Det er ikkje sikkert at skuleeksamen er ei ideell vurderingsform, men resultata tilseier at det fungerer nokså godt sjølv om fleire av studentane ønsker andre former. Emnet bør gå nokre fleire semester før ein vurderer vurderer nærmare om ein vil endre vurderingsforma.